

## **Havstril padleklubb**

Protokoll, styremøte torsdag 9. februar klokka 19:30  
Kontora til Austevoll forlag.

Desse møtte: Rune Hevrøy, Kersti Østervold, Trond Hagenes (referent).  
Forfall: Hilde Elisabeth Klepsvik. For henne møtte André Hole.

### **Sak 01/23 Økonomi**

Sjå utsendt rekneskap med revisor si vurdering. Rekneskapsføring og dokumentasjon utover dette, jfr oppdaterte reglar i idretten. Dobbeltsignatur på konto. Styret vedtok at Kersti Østervold blir medsignaturhavar saman med leiaren.

Elles vart klubbøkonomien med rekneskap og revisors beretning teke til etterretning.

### **Sak 02/23 Førebuing til årsmøtet**

Endringar i kontingent: Styret vedtok å leggja fram uendra kontingent, men å fjerna studentavgifta. Dermed blir medlemsavgifta 500 for senior, 250 for U19 og 900 for familie.  
Budsjett: Styret legg fram konservativt forslag. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å justera innkjøp av utstyr og kajakkar i høve til inntekter frå aktivitetar og tilskott.  
Fullmakt til å overføra alle midlar øyremerkte Kystturhytta til Austevoll kommune ved oppstart av bygginga skal handsamast på årsmøtet.  
Årsmøtedato vert 16. mars

### **Sak 03/23: Aktivitetar / Søknad**

- \* NPF meiner klubbane bør leggja til rette for «å verdsetja aktivitetsleiarane». Tiltak for kompetanseheving, lokalt + aktivitetsleiarssamling i Haugesund. Bylgje- og brottopadling?
- \* Søkja om sommarskule til Gjensidigestiftelsen, men organisera det som GK ung?
- \* Etterspurnad etter helgeturar, torsdagspadlingar og trimturpoeng i meiningsmåling.
- \* fastsett dato for teknikkurs, forsommar '23.
- \* Skulebesøk bør dokumenterast. 7.-klassane.
- \* Kartleggingsfasen av Padlelei Vestland. Samling i Austevoll i april. Regi Vestland fk.
- \* Søkja om støtte til å laga/kjøpa rampe på flytebyggja – A. Kommune.
- \* Avklara padlelos – samarbeid med blinddeforbundet.
- \* Hengjarlys må ordnast.

Desse punkta var diskuterte og tekne til orientering.

### **Sak 04/23 eventuelt**

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.